

# Referat fra fellesmøte i styringsgruppene for kommunereform i Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad 18. januar 2016

---

**Tid:** Måndag 18. januar 2016 kl. 18:00

**Stad:** Kommunestyresalen, Eidfjord

**Til stades:**

Frå Eidfjord kommune: Anved Johan Tveit (ordførar, SP), Aslak Lægreid (varaordførar, H), Anne Lise Bleie (H), Gunvall Medhus (A), Kari Tveit Hovland (A).

Frå Granvin herad: Ingebjørg Winjum (ordførar, V), Hans Jakob Mæland (varaordførar, H), Annlaug H. Såkvitne (SP), Marianne Espeland (SV), Lars Brekke (A).

Frå Ulvik herad: Hans Petter Thorbjørnsen (ordførar, A), Jens Olav Holven (varaordførar, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV).

I dokumentet her vert hovudessensen i det som framkom i møtet referert. Møtet vart overført direkte på web, og kan i sin heilheit kan sjåast her:

<http://eidfjord.kommunetv.no/bruker/pages/?bid=1&clipid=94&sid=3660>

## Innleiing

*Ordførarar Tveit* ynskje velkomen og informerte innleiingsvis om opplegget for møtet, samt eventuell vidare prosess opp mot kommune-/heradsstyre og innbyggjarhøyring/folkeavrøysting.

*Ordførar Tveit* informerte vidare at Ullensvang herad ynskjer eit nytt møte med dei tre kommunane om intensjonsavtale slik at det framover kan eventuelt verte to parallelle løp.

## Intensjonsavtale

*Ordførar Tveit* ga fyrst ein overordna presentasjon av framlegget til intensjonsavtale. Presentasjonen ligg vedlagt.

*Ordførar Winjum* gjekk deretter gjennom framlegget til intensjonsavtalen i meir detalj. Framlegget til intensjonsavtale ligg vedlagt. Det vart opna for spørsmål undervegs.

**Innleiing:** Ingen spørsmål

**Punkt 1:** Ingen spørsmål

**Punkt 2:**

*Medhus* stilte spørsmål til andre avsnitt – ynskja følgjande endring inntatt: «...gjennom mellom anna meir koordinert...»

**Punkt 3:** Ingen spørsmål

**Punkt 4:**

*Ljone* fremja forslag om alternativt namn: Indre Hardanger kommune

**Punkt 5:** ingen spørsmål

**Punkt 6:**

*Gjerde* ynskjer eit eige punkt om kultur under punkt 6.

**Punkt 6.1**

*Tveit* etterspurde kva funksjonar som ligg i administrasjonssenter. Han meinte at me i debatten må vere noko meir presis, slik at framtidige generasjonar les dette som noko meir enn ordførar, rådmann og politisk sekretær. Han ynskte at ein skulle jobbe meir med teksten på dette punktet.

**Punkt 6.2:**

*Såkvitne* ynskte at «bør» i andre avsnitt vert erstatta med «skal».

**Punkt 6.3:** Ingen spørsmål

**Punkt 6.4:**

*Såkvitne* meinte intensjonsavtalen må gi ein rimelig god oversikt over korleis tenestetilbodet skal vere i framtida. I Melandshagen er mange av leilegheitene knytt opp mot sjukeheimen. Ein ynskjer difor ein presisering under fyrste punkt om «at det hovudsakelig skal satsast på heimebaserte tenester». Vidare er det viktig å eliminere mindre deltidsstillingar i tida fram mot ein eventuell ny kommune.

*Gjerde* viste til planlagde investeringar i Eidfjord knytt til sjukeheim og stilte spørsmål om det var klokt å byggje to sjukeheimar i ein kommune på om lag 3000 innbyggjarar.

*Lægreid* viste til at Eidfjord var godt i gang med arbeidet med sjukeheim og opplyste at for Eidfjord Høgre var det ikkje aktuelt å stanse dette prosjektet. *Tveit* og *Medhus* stetta dette synet.

*Tveit* ynskte ei presisering i andre avsnitt om at dei to sjukeheimane skal ligge i Eidfjord og Ulvik. Vidare peikte han på andre setning i fyrste avsnitt og ynskte å presisere at det skulle vere legeteneste i Eidfjord og Granvin – omfanget må diskuterast vidare.

*Thorbjørnsen* viste til at prosessen fram til no har vore god, men at det var naturleg at ikkje alle verte like nøgd med alt i ein slik intensjonsavtale. Tenester må vere der folk er. Det er ikkje meininga at alle må reise til Ulvik for alle helsetenester. Legetenester må ein finne ei praktisk løysing på. Men det er vektig at intensjonsavtalen ikkje vert for detaljert i fht omfanget og plassering av dei ulike tenestene. Utfordringa vert å tenke som ein kommune. Ein må gi eit mandat til framtidig kommunestyre. På noverande tidspunkt må ein legge dei overordna føringane, om ikkje vert dette eit veldig langt og detaljert dokument.

*Medhus* viste til andre setning i fyrste avsnitt og meinte det bør stå at det skal vere legekontor i Eidfjord og Granvin.

**Punkt 6.5:** Ingen spørsmål

**Punkt 6.6:** Ingen spørsmål

**Punkt 7:**

*Gjerde* meinte det hadde vore fordel om alle innbyggjarane kunne delta i jakt.

**Punkt 8:**

*Røkenes* viste til siste setning om fiberutbygging og meinte at dette er veldig viktig for ein ny kommune og at det vert levert betre tenester enn i dag. Han viste vidare til at dersom dette prosjektet skal lukkast er det viktig med informasjon til innbyggjarane slik at dei har same informasjon som dei folkevalde. *Thorbjørnsen* stetta dette og peikte vidare på at det var viktig å vise kva konsekvensar avgjersla i dette spørsmålet vil ha – både i fht om ein seier ja eller nei.

*Lægreid* meinte det var viktig med informasjon om både negative og positive sider ved samanslåing. For Eidfjord sin del såg han berre negative sider.

*Ljone* viste til at SV i Ulvik ynskjer rådgjevande folkeavrøysting i dette spørsmålet. Ho ynskjer vidare at aldersgrensa for å delta i folkeavrøystinga skal vere 16 år.

**Punkt 9:** Ingen spørsmål

**Punkt 10:** Ingen spørsmål

## Debatt

Ein gjekk deretter over til open debatt om framlegget til intensjonsavtale.

*Holven* etterlyste den store fellestanken, han meinte at det var mykje tenking i bås. Han meinte at enkelte vart litt navlebeskuande. Han meinte at intensjonsavtalen på generelt grunnlag ikkje er god nok for Ulvik, og at ein nok lyte diskutere dette noko meir.

*Tveit* viste til Såkvitne sitt forslag om at tenester til dei som bur heime er noko som må vidareførast i den nye kommunen. Han stetta forslaget. Når det gjeld *Gjerde* sitt forslag om kultur meinte *Tveit* at dette var litt på detaljnivå, men var einig at kulturtilbod til ungdom må gis i dei tre kommunane i dag også i framtida. *Tveit* hadde ikkje konkludert med omsyn til stemmerett for 16-åringar.

*Medhus* viste til punkt 3 og foreslo at ein sløyfa orda «kulturar og tradisjonar». I punkt 4, andre setning ynskta han at «alle delar» vart erstatta med «heile». Punkt 9 om kompensasjon ynskja han endre til fylgjande: «Ein skal arbeida for å få til kompensasjonsordningar for bompengar når innbyggjarane må kryssa Hardangerbrua for å ta imot kommunale tenester». Personleg meinte han at Eidfjord vil klare seg fint som eigen kommune, men viste til at ein ikkje veit kva som skjer med kommunanes inntekter i framtida, spesielt eigedomsskatt som er viktig for Eidfjord. Han trur ikkje at Eidfjord får vere åleine i framtida, og meiner det er betre å vere i førarsetet slik ein er no. Han var for å gjennomføre folkeavrøysting. Han meinte det er viktig at ein i dette spørsmålet tenkjer som ein kommune.

*Winjum* stetta forslaget om røysterett for 16-åringar. Ho viste vidare til at Granvin ikkje kan vere eigen kommune i framtida, og at heradsstyret har vedteke at heradet skal slå seg saman med nokon.

Ho meinte at det var no som var sjansen for dei tre, om ikkje dette vert noko av må Granvin snu seg om til andre.

*Lægreid* viste til at Høgre i Eidfjord har programfesta at ein er i mot kommunesamanslåing. Han meinte at ein måtte tenke innbyggjaranes beste og at kommunesamanslåing ikkje var til det beste for innbyggjarane i Eidfjord. Han meiner at Eidfjord er den store taparen i prosjektet og vil arbeide i mot kommunesamanslåing. Han viste vidare til spørsmålet om eigedomsskatt og såg for seg at det vart innført eigedomsskatt i framtida, noko som vil medføre kroken på døra for mange reiselivsbedrifter i Eidfjord.

*Gjerde* vil jobbe for at ein får ein intensjonsavtale som er så bra at folket vil seie ja til samanslåing. Han viste vidare til prosessen med Ullensvang og at ein difor nok vil ha to prosessar i tida framover. I fht namnet på kommunen var han noko usikker. Forslaget om «heile kommunen» er ok. I fht punkt 6.4 meiner han at tannhelse «skal» innarbeidast. I fht forslaget om bompengar stettar han dette. For han er det ok med folkeavrøysting og stemmerett for 16-åringar.

*Røkenes* viste til at dette ikkje er eit lett spørsmål. Utfordringane vert ikkje mindre med å vere ein liten kommune og levere dei tenestene som kommunane er sett til. For å handtere dette på ein god måte må ein vere ein robust organisasjon. Han var einig i at informasjon om positive og negative sider må ut til innbyggjarane. Han meinte at om me ynskjer å vere ein liten kommune også i framtida er moglegheita no gjennom å slå saman desse tre kommunane. Han støtta difor samanslåing. Vidare etterlyste han noko om beredskap i intensjonsavtalen, og spesielt i høgjellet, og ynskje at noko om dette vart tatt inn i intensjonsavtalen.

### **15 minuttars pause.**

Etter pausen informerte *Thorbjørnsen* om at alle endringsforslag var notert, og at ordførarar og rådmenn vil møtast på tysdag for å innarbeide desse endringane. Eit nytt utkast vil bli sendt til styringsgruppene som so avgjer om kor vidt forslaget kan tilrådest for sine kommune- og heradsstyre. Styringsgruppene var einige i denne framgangsmåten.

*Lægreid* stilte spørsmål om kommunale avgifter og om kor vidt desse blir like eller differensiert i ein ny kommune. *Thorbjørnsen* svarte at utgangspunktet var å behandle alle likt i ein ny kommune. *Tveit* supplerte med at Eidfjord hadde to ulike avgiftsområder i kommunen slik lova opnar for, jf. Sysendalen. Han viste vidare til sjølvkostprinsippet på dette området og det juridiske rammeverket.

Møtet vart deretter avslutta kl. 19:50.

Joakim S.T. Øren  
Referent